

\* **Distriktsbarometer**

Fire av ti meiner EU har for mykje **makt** i Noreg. Bygdefolk og senterpartiveljarar er mest kritiske til påverknaden frå EU.

# Fire av ti synest EU grip for mykje inn

Berre 17 prosent seier seg ueinige i påstanden om at EU har for mykje innverknad i Noreg på Nationens nye distriktsbarometer. 41 prosent av dei spurde svarar at EU har for mykje makt i Noreg. Tala er svært stabile om ein samanliknar med ei tilsvarende undersøking gjort for Nationen i 2009. Den gongen svara 43 prosent at dei meinte EU hadde for stor innverknad i Noreg, medan 18 prosent sa seg ueinige i påstanden.

**Skepsis til systemet**

– Desse tala fortel at det er ei utbreidd oppfatning om at EU har for stor makt i Noreg gjennom EØS-avtalen, seier senterpartileiar Liv Signe Navarsete. Det er Navarsetes veljarar som er mest skeptiske til EUs påverknad. På motsett side er Oslofolk og høgrevellarar dei som i minst grad meiner at EU bestemmer for mykje i Noreg.

Navarsete seier at ho trur folk ikkje berre reagerer på enkelte direktiv, men også på den samla innverknaden EU har på Noreg.

– Europautredninga har synleggjort at EU får stadig meir å seie i Noreg på kostnad av folkestyret, seier Sp-leiaren.

Ho trur at resultatet av målinga ikkje kjem av euroskepsis, men av at mange i Noreg stiller spørsmål ved EUs politikk og påverknad.

**Stortingsfleirtalet**

Navarsete er ikkje overraska over at det er hennar kjerneveljarar som er mest einige i påstanden om at EU i for stor grad påverkar norsk politikk.

– Dei har all grunn til å meine dette, seier ho og framhevar EUs postdirektiv som ein av grunnane til desse veljaranes haldning.

Sp-leiaren påpeikar at stortingsfleirtalet er i utakt med folkefleirtalet i EU-spørsmålet.

– Det store ja-fleirtalet på Stortinget er heilt i utakt med det som er folkemeininga. Samstundes brukar dei alle moglegheiter til å knytte Noreg tettare til EU. Dette er ei utvikling fleire burde stille spørsmål ved, seier Navarsete.

**Manglar kunnskap**

Forskningsleiar ved Norsk Utenrikspolitisk Institutt (NUPI), Iver B. Neumann, synest undersøkinga er merkeleg.

– Sist gong eg såg ei måling, sa ein av tre at dei ikkje veit kva EØS-avtalen er, seier Neumann.

Han legg til at folk i Noreg no har hatt nesten 20 år på å setje seg inn i avtalen som knytter landet til EUs indre marknad.

– Korleis kan folk meine så mykje om noko dei stort sett ikkje veit kva det er? Og kva er eigentleg problemet her, er folk lei av å sende bilen sin på EU-kontroll annakvart år? spør han.



**I UTAKT**  
«Det store ja-fleirtalet på Stortinget er heilt i utakt med det som er folkemeininga»

LIV SIGNE NAVARSETE  
SENTERPARTILEIAR

Neumann understrekar at målinga likevel påpeikar eit problem.

– EØS-avtalen er eit demokratisk problem for Noreg fordi at folk ikkje veit kva som går føre seg, seier han.

**Rekordhøg motstand**

– Europautredninga viste nyleg at EUs avgjerder får noko å seie for dei fleste samfunnsfelt. Dette gjeld også område der dette kanskje ikkje var forventa i utgangspunktet, som til dømes i landbrukssektoren, seier Lise Rye, som er EU-ekspert og førsteamanuensis ved Norges Tekniske og Naturvitenskaplige Universitet (NTNU).

– Når vi veit at norske styresmakter ikkje er med på å ta avgjerdene, er det ikkje til å undrast over at eit fleirtal meiner at EUs innverknad er for stor, seier Rye. Ho understrekar at resultatet av målinga nok heng saman med at den er gjort i ei tid der motstanden mot norsk EU-medlemskap er rekordhøg.

**Langt til Brussel**

Valforskar Toril Aalberg med NTNU er ikkje overraska over at bygdefolk og senterpartiveljarar er dei som i størst grad meiner at EU har for mykje makt i Noreg.

– Det er i desse gruppene motstanden mot norsk EU-medlemskap er sterkast, Det såg vi også under EU-kampen i 1994, seier Aalberg. Ho trekkjer fram det mykje brukte slagordet frå 1990-tallets EU-kamp om at det er langt til Oslo, men lenger til Brussel.

– Denne tanken ser framleis ut til å stå sterkt, seier Aalberg.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK  
astrid.dypvik@nationen.no



Direktivstrid: Landpostbod i arbeid. Senterpartileiar Liv Signe Navarsete seier at

## Giske: – Tullete å

Nei-mann og nærings- og handelsminister Trond Giske har ikkje særleg sans for det han kallar tabloidiseringa av konklusjonane frå Europautredningen.

– Det er tullete å seie at vi er tre fjerdedels medlem av EU fordi vi har teke inn tre fjerdedelar av direktiva. Korleis skulle ein ha målt innføring av euroen då? Det ville vore eitt vedtak, men medført eit fundamentalt annleis økonomisk

system. Eg trur den typen målestokkar vert dårlege, seier nærings- og handelsminister Trond Giske (Ap) om konklusjonane frå Sejersted-utvalet.

Giske, som er motstandar av norsk EU-medlemskap og ein